



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet
Postboks 1382 Vika
0114 OSLO

Dykker ref

Vår ref

Dato

24/3105

8. januar 2025

Tildelingsbrev 2025 – Digitaliseringsdirektoratet

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet viser til Stortingets behandling av Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, jf. Innst. 16 S (2024–2025) vedtatt 17. desember 2024.

Departementet gir i tildelingsbrevet Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2025, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet òg krav til verksemda og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for verksemda til Digdir i 2025.

Vi ber Digdir ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

I 2025 blir arbeidet med oppfølging av digitaliseringsstrategien sentralt for å gjennomføre regjeringa sin digitaliseringspolitikk. Digdir har ei viktig rolle i dette arbeidet, særleg knytt til sterke styring og samordning av digitalisering på tvers av sektorar.

Digdir skal være et fagorgan som hentar inn og formidlar kunnskap om tilstand, utvikling og endringsbehov på direktoratets fagområde.

Av erfaring kan det kome til saker som det ikkje er tatt omsyn til ved årets byrjing som kan få stor merksemd og krevje betydeleg innsats. Digdir skal derfor ha fleksibilitet til å kunne ta på seg nye oppgåver som blir gitt av departementet på kort varsel.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandler
Ragnhild Sund
22 24 72 76

For en nærmere omtale av Digidirs roller og faste oppgåver, sjå hovudinstruksen.

Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 16 S (2024–2025) har Digdir følgande hovudprioriteringar for 2025:

1. Oppfølging av digitaliseringsstrategien, sjå omtale under mål 3.1.
2. Styrke arbeidet med sikkerheit og beredskap knytt til fellesløysingane, sjå omtale under mål 3.2.
3. Sikre framdrift i programmet Nye Altinn i samsvar med programmet sitt mandat og planverk, sjå mål 3.2.
4. Styrke arbeidet med digital inkludering, gjennom oppfølging av nasjonal eID-strategi og arbeidet med mellom anna digital lommebok og fullmaktsløysing, sjå mål 3.3.

3. Mål for 2025

Relevante hovudmål for Digdir i Prop. 1 S for 2025 er:

1. Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga.
2. Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor.

For å understøtte hovudmåla er det satt følgande delmål for Digdir for 2025:

1. Digitalisering i offentleg sektor er samordna og samfunnsnyttig
2. Digdir sine fellesløysingar er samfunnsnyttige, sikre og enkle å ta i bruk
3. Digitale tenester er tilgjengelege for alle

3.1 Digitalisering i offentleg sektor er samordna og samfunnsnyttig

Direktoratet skal bidra til å utforme og gjennomføre regjeringa sin digitaliseringspolitikk, mellom anna legge til rette for at offentleg sektors tenester er heilskaplege, samanhengande og av god kvalitet. Samordna tenesteutvikling i offentleg sektor er essensielt for å sikre at ressursane blir brukt effektivt, og at tenestene er nyttige og tilpassa brukarane sine behov. Direktoratet er ein sentral aktør i arbeidet med å samordne digitalisering i offentleg sektor. Direktoratet skal også legge til rette for samhandling mellom næringslivet, frivillig sektor og offentleg sektor for utvikling av tenester og digitalisering.

Direktoratet har ansvar for å identifisere moglegheiter og utfordringar, utforme kunnskapsgrunnlag og foreslå tiltak for samordning og utvikling av regjeringa sin digitaliseringspolitikk. Direktoratet skal i tillegg støtte departementet i arbeidet med samordning av regjeringa sin digitaliseringspolitikk. Direktoratet har også ei viktig oppgåve i å legge til rette for datadeling og bygge kompetanse i offentlege verksemder på viktige område for digitalisering og innovasjon.

Digitaliseringsstrategien «Framtidas digitale Noreg» peiker ut regjeringa sin digitaliseringspolitikk for 2024–2030. Digdir er regjeringa sitt fremste verktøy for effektiv og samordna digitalisering av offentleg sektor og av samfunnet elles, og skal bidra til

digitalisering i næringslivet (jf. Prop 1 S 2024–2025). Digdir vil derfor ha ei nøkkelrolle i oppfølginga av strategien og skal støtte departementet i dette. Departementet og Digdir vil ha dialog om korleis oppfølgingsarbeidet skal innrettast.

Forsterka styring og samordning er omtalt som ein viktig føresetnad for å realisere regjeringa sin digitaliseringspolitikk i digitaliseringsstrategien. Digdir skal derfor vidareutvikle verkemiddelapparatet sitt på dette området. Ein føresetnad for samordning er informasjon i form av eit godt kunnskapsgrunnlag. Det er viktig at Digdir kjenner til status, behov og pågåande arbeid i de ulike sektorane, og skaffar og formidlar kunnskap om dette (sjå oppdrag 1)

Utnytting av moglegheitene i kunstig intelligens (KI) og deling av data er viktige prioriteringar i regjeringas digitaliseringsstrategi, og må sjåast i samanheng med kvarandre.

Digdir har ei pådrivar- og rettleiarrolle for ansvarleg utvikling og bruk av KI og verdiskaping med offentlege data, og har eit ansvar for å vidareutvikle deira verkemiddel for å nå måla i strategien.

Digdir skal støtte departementet med førebuing knytt til innlemming og gjennomføring av relevante EU-/EØS-regelverk. Departementet og Digdir vil ha nærmare fagdialog om dette arbeidet (sjå oppdrag 2).

I 2024 har Digdir levert eit kunnskapsgrunnlag om innovasjon. I 2025 skal Digdir vidareutvikle arbeidet og metodikken for datadriven kunnskapsutvikling innanfor tema som innovasjon og digitalisering. Som ein del av dette ber vi også Digdir fortsetje å teste ut datadreven kunnskapsutvikling innan innovasjon i digitalisering (sjå oppdrag 3).

Direktoratet skal arbeide for god oppfølging av norsk deltaking i relevante EU-program og internasjonale samarbeid, som mellom anna DIGITAL og Digital North. Departementet og direktoratet vil ha nærmare fagdialog om korleis dette arbeidet utførast.

Styringsparameterar under mål 3.1

Rapportering for alle styringsparameterane skal gjerast i årsrapporten. Styringsparameterane skal understøtte forklaringa av måloppnåinga under punkt III.

1. Tal på prosjekt med støtte frå medfinansieringsordninga og Stimulab, samt del av desse som inneberer samarbeid på tvers av sektorar eller verksemder
2. Del av prosjekt som har vært i Digitaliseringsrådet som inneber samarbeid på tvers av sektorar eller verksemder

Rapportering under mål 3.1

Rapportering under dette målet som rapporterast enten i årsrapporten eller i tertialrapporten:

1. Status i arbeidet med livshendingane, analyse og beskriving av Digdir sitt bidrag i arbeidet (årsrapport)
2. Status i arbeidet med deling av data, analyse og beskriving av Digdir sitt bidrag i arbeidet. (årsrapport)

3. Status i direktoratets arbeid med ansvarleg utvikling og bruk av kunstig intelligens i offentleg sektor, inkludert type rettleatingsaktiviteter og omfanget av rettleiinga. Analyse og forklaring for statusen (tertialrapport og årsrapport)
4. Status i arbeidet med internasjonale samarbeid, særskilt oppfølging av DIGITAL (årsrapport)

Oppdrag under mål 3.1

Nr.	Oppdrag	Frist
1.	<p>Utarbeide kunnskapsgrunnlag om pågående og planlagde digitaliseringstiltak i sektorane</p> <p>Digdir skal levere en rapport som inneholder:</p> <ul style="list-style-type: none"> - oversikt over strategiar for digitalisering i dei ulike sektorane, mellom anna større pågående og planlagde digitaliseringstiltak. Oversikten skal også vise del av digitaliseringstiltaka som er samarbeidsprosjekt på tvers av sektorar og/eller forvaltningsnivå - analyse av problemstillingar knytte til digitalisering av offentleg sektor (med utgangspunkt i oversikta over). <p>Departementet vil ha fagdialog med Digdir om oppdraget. Etter at rapporten er oversendt departementet skal arbeidet med kunnskapsgrunnlaget evaluerast, med mål om ei anbefaling om korleis arbeidet kan vidareførast.</p>	Avtales i fagdialog
2.	<p>Oversikt over implementering av EU/EØS-relevant regelverk</p> <p>Departementet og Digdir utarbeider ei oversikt over EU/EØS-relevante regelverk der Digdir skal bidra i dei ulike fasane, deriblant førebuing og implementering m.v. Departementet og Digdir avklarar nærmare innhaldet og omfanget av oppdraget og har fagdialog med Digdir.</p>	15.03.25
3.	<p>Vidareutvikling av kunnskapsgrunnlag om innovasjon</p> <p>Digdir skal vidareutvikla kunnskapsgrunnlaget om innovasjon som vart levert i 2024. Som ein del av dette arbeidet skal Digdir halda fram med å utforska bruken av KI. Format og tidspunkt for leveransen blir avklart i fagdialog mellom Digdir og departementet</p>	Avtales i fagdialog

3.2 Digdir sine fellesløysingar er samfunnsnyttige, sikre og enkle å ta i bruk

Gode og sikre fellesløysingar er ein viktig føresetnad for ei samordna og effektiv digitalisering av offentleg sektor og offentleg sektor sine tenester. Direktoratet driftar, forvaltar og utviklar fellesløysingar som blir nytta i digitale tenester. Direktoratet skal tilby robuste og sikre fellesløysingar som er enkle å ta i bruk og løyser felles behov.

I 2025 er det viktig at direktoratet fortset å styrke arbeidet med sikkerheit og beredskap knytte til fellesløysingane.

Direktoratet skal sørge for gjennomføring av programmet Nye Altinn i samsvar med programmets mandat.

Digdir er ansvarleg for å drifte, forvalte og vidareutvikle tenesta Digitalt dødsbu. Som ansvarleg for denne tenesta er Digdir også tenesteeigar på linje med andre tenesteeigarar. Det er viktig at Digdir er seg bevisst sine to roller som forvaltar av fellesløysingar og tenesteeigar for Digitalt dødsbu, og legg til rette for å drifte og forvalte Digitalt dødsbu på ein god måte.

Det er igangsett eit arbeid i departementet og Digdir med å utarbeide nye finansieringsmodellar for fellesløysingane i Digdir. Parallelt er det også igangsett eit lovarbeid på bruk av fellesløysingane. Digdir skal fortsette sitt bidrag i høve til mandatet.

Styringsparameterar under mål 3.2

Rapportering for alle styringsparameterane skal gjerast i årsrapporten. Styringsparameterane skal understøtte forklaringa av måloppnåinga under punkt III.

1. Utvikling i bruk av fellesløysingane dei siste tre år, med analyse og forklaring av utviklinga

Rapportering under mål 3.2

Rapportering skjer i rapport per 31.8 (ref. hovudinstruksens punkt 3.3.5)

1. Rapportering Nye Altinn, fellesløysingar og finansieringsmodellar

Direktoratet skal rapportere på bruk av løyvingar til programmet Nye Altinn. Direktoratet skal også rapportere på arbeidet knytt til sikkerheit, robust drift, og kontinuerleg forvaltning og vidareutvikling av dei digitale fellesløysingane i direktoratet. Digdir besøker også om å rapportere i styringsdialogen på status for sin del av arbeidet med nye finansieringsmodellar, mellom anna heilskapleg handtering av meirverdiavgift.

3.3 Digitale tenester er tilgjengelege for alle

Noreg skal vere eit samfunn utan digitale barrierar. Direktoratet skal bidra til dette gjennom mellom anna tilsyn for universell utforming av ikt og å følge opp regjeringa sin handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn.

Direktoratet fører tilsyn med at krava i forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (ikt)-løysingar blir følgt både i offentleg og privat sektor, jf. forskriften § 10a og direktoratets instruks. Gjennom å følge opp og føre tilsyn med dette regelverket skal tilsynet bidra til å gi innbyggjarane inkluderande digitale tenester som er tilgjengelege for alle.

Direktoratet skal legge til rette for at alle som har behov, har tilgang til ein elektronisk ID. Vidare skal direktoratet arbeide aktivt for god brukskvalitet og at klarspråk-prinsippa

etterlevast i alle offentlege tenester. Direktoratet tildeler òg tilskot til økt digital deltaking og kompetanse til innbyggjarane.

Regjeringa la i 2023 fram både handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn og strategi for eID i offentleg sektor (følgje opp med ein handlingsplan våren 2024). Digdir har ei rolle i oppfølging av digital inkludering, gjennom tiltak for tilgjengeliggjering av eID på høgt tryggingsnivå og arbeidet med ei fullmaktsløysing som skal legge til rette for at ikkje-digitale brukarar kan la andre representer seg i digitale tenester.

Styringsparameterar under mål 3.3

Rapportering for alle styringsparameterane skal gjerast i årsrapporten. Styringsparameterane skal understøtte forklaringa av måloppnåinga under punkt III.

1. Utvikling av oppretting av eID på sikkerheitsnivå høgt fordelt på ulike aldersgrupper
2. Oversikt over antal tilsyn i Uu-tilsynet fordelt på sektor som viser funn og alvorligetsgrad
3. Tal på publiserte tilgjengeleitserklæringer, med analyse og forklaring av utviklinga
4. rapport på utviklinga på del brukarar av offentlege digitale tenester som opplever at det er enkelt å finne fram til dei tenestene dei treng, forstår det dei finn og kan bruke det til det dei skal (jf. definisjonen av klarspråk). I tillegg skal Digdir beskrive utviklinga i offentlege verksemders bruk av klarspråk-rettleiaren. Direktoratet bes om å synleggjere sitt bidrag med sin aktivitet i denne utviklinga.

Rapportering under mål 3.3

1. Status i utvikling av fullmaktsløysing (tertialrapport og årsrapport)

4. Andre føresetnadar og krav

4.1 Fellesføringar 2025

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Digdir skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

Digdir skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

Digdir skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

Digdir skal i årsrapporten oppgje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2025 samanlikna med rapporteringa si for 2024.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Digdir skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Digdir skal i årsrapporten for 2025 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærmare.

Digdir skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærmare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

4.2 Førebuing til innføring av statlege rekneskapsstandardar (SRS)

Digdir skal gå over til å føre rekneskap etter periodiseringsprinsippet i høve til dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) frå 1.1.2026. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) vil støtte med rettleiing og kompetansetiltak i innføringsperioden. Det er naudsynt at Digdir set av tilstrekkeleg med ressursar til innføring av SRS. Gjennom heile innføringsperioden er det naudsynt med god dialog med departementet, mellom anna om ambisjonsnivå, bruk av periodisert rekneskapsinformasjon som grunnlag for styringsinformasjon for departementet, og ulike konkrete problemstillingar knytt til etablering av opningsbalansen samt prising eller anna finansiering av verksemdas tenester.

4.3 Samarbeid med Nkom og Datatilsynet

Dei siste åra har EU vedtatt nytt regelverk på det digitale området. Fleire av regelverka legg opp til at rettleiing og tilsyn kan delast mellom fleire nasjonale organ. Både Digdir, Nkom og Datatilsynet har, eller må rekne med å få, oppgåver etter fleire av disse regelverka. Nokon oppgåver kan vere til dels overlappande. I 2025 skal dei tre etatane ytterlegare styrke dialogen og samarbeidet om fagområde der to eller alle har eller vil få ansvar og oppgåver. Eksempel på slike område er deling av data, kunstig intelligens og informasjonstryggleik.

Digdir, Nkom og Datatilsynet skal saman utarbeide eit forslag til rammer for samarbeidet. Frist 2. mai 2025.

5. Krav til dokumentasjon og statistikk

5.1 Data om arkivering og openheit i statleg forvaltning

Digdir skal hente ut data om publiseringstida på elnnsyn for alle departement og for alle underliggende verksemder for 2024:

- Tal på dagar frå eit dokument er ferdig (journaldato) til det er registrert på offentleg journal (publisert dato).
- Del skjerma dokument i prosent av totalt tal på dokument.

Digdir skal utarbeide statistikk for publiseringstida for statsforvaltninga totalt og fordelt på departement og departementsområder. Frist for arbeidet er fredag 04.04.2025.

Digdir skal følge opp det påbegynte arbeidet med å utvikle ny og forbetra statistikk, jf. møtet i Strategisk gruppe hausten 2024.

6. Budsjettløyvingar

6.1 Budsjetttrammer 2025

I tråd med Stortingets vedtak blir utgifter tildelte og inntekter fastsette for Digdir i 2025 som følger:

Utgifter

Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet

[tal i tusen kr]

Post	Betegnelse	Budsjett 2025
01	Driftsutgifter	172 923
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	14 402
22	Bruk av nasjonale fellesløsninger	200 600
23	Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløsninger, <i>kan overføres</i>	526 621
25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekter, <i>kan overføres</i>	150 741
26	Stimulab, <i>kan overføres</i>	5 342
27	Tilsyn for universell utforming av ikt	19 860

29	Tjenesteeierfinansiert drift av Altinn, kan overføres	150 000
71	IT-tilskudd	9 661
	Sum kap. 1540	1 250 150

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga er:

- auka med 8,7 mill. kroner i samband med styrka sikkerheit og beredskap for nasjonale digitale fellesløysingar

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga er:

- auka med 2,6 mill. kroner til arbeidet med ei fullmaktsløysing som skal legge til rette for at ikkje-digitale brukarar kan la andre representer seg i digitale tenester

Post 22 Bruk av nasjonale fellesløysingar

Løyvinga dekker utgifter for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå skrive ut av private leverandørar, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå ved sending av SMS. Løyvinga dekker òg bruk av Digital postkasse til innbyggjarane der det er inngått avtale med fleire private leverandørar og kostnad for innlogging til postkassene via ID-porten og kostnad knytte til eSignering. Løyvinga skal vere tilpassa faktisk bruk av løysningane i forvaltninga og gjeldande rammevilkår frå underleverandørar og er i 2025 anslått til 200,6 mill. kroner.

Post 23 Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, kan overførast

Løyvinga er:

- auka med 125,3 mill. kroner til investeringskostnader knytte til Nye Altinn
- auka med 2,6 mill. kroner til drift og forvaltning av Nye Altinn
- auka med 31,3 mill. kroner til å styrke arbeidet med forsvarleg drift, sikring og forvaltning av fellesløysingane i direktoratet
- auka med 10,6 mill. kroner til heilårsverknaden av å drifte, forvalte og vidareutvikle tenesta Digitalt dødsbu

Departementet viser til Prop. 1 S (2024–2025) og omtale av Altinn 3, og løyvinga til dette arbeidet. Arbeidet er krevjande, mellom anna fordi det er svært stramme fristar, og departementet forventar at Digdir har naudsynt progresjon og framdrift i 2025, sjå òg rapportering under 3.2.

Post 25 Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast

Stortinget har vedtatt en løyving på 150,7 mill. kroner i 2025. Det inneber at tilsegnssramma for ordninga er 180,1 mill. kroner i 2025. Det vises også til tilsegnssfullmakt i pkt. 7.2 og omtale under pkt. 8.1.1. Departementet viser vidare til dialog om nivå for tilsegnssfullmakta og utbetalingsprofilen og ber direktoratet om ei vurdering og eventuelt forslag til justering i innspeil til rammefordelinga for 2026.

Post 26 Stimulab, kan overførast

Ramma for Stimulab-ordninga utgjer 5,3 mill. kroner i 2025. Det vises til omtale under pkt. 8.1.2.

Post 27 Tilsyn for universell utforming av ikt

Løyvinga dekker drift og forvaltning av tilsyn for universell utforming av ikt. Departementet understrekar at sentral løysing for tilgjengeleightserklæringer skal driftast og forvaltast slik at formålet med løysinga blir oppnådd.

Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning knytt til Altinn, utgifter til private leverandørar for SMS-varsling og driftsmessige endringar som den enkelte tenesteeigar har bestilt. Utgiftene blir fakturerert videre til tenesteeigarar i samsvar med samarbeidsavtalen mellom tenesteeigarane og Digdir.

Post 71 IT-tilskot

Posten er frå 2024 endra til å dekke hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande og låg digital kompetanse, i tillegg til tilskot til Standard Norge. Tilskotet til Standard Norge skal mellom anna medverke til å fastsetje og utbreie bruk av standardar og styrke norsk deltaking i det internasjonale standardiseringsarbeidet på IT-området. Tilskotet skal også bidra til å ivareta norske interesser i utviklinga av internasjonale standardar for kunstig intelligens. Det er løyvd 1 661 000 kroner som tilskot til Standard Norge.

Hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande og låg digital kompetanse er ei tilskotsordning som skal bidra til at alle innbyggjarar blir gitt høve til å bli digitalt kompetente til å kunne bruke digitale verktøy og tenester frå offentlege og private aktørar. Det er løyvd 8 mill. kroner til ordninga i 2025.

Inntekter

Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet

[tall i tusen kr]

Post	Betegnelse	Budsjett 2025
03	Diverse inntekter	2 372
04	Tilsyn for universell utforming av ikt	
05	Bruk av nasjonale fellesløsninger	200 600
07	Tjenesteeierfinansiert drift av Altinn	150 000
86	Tvangsmulkt	
Sum kap. 4540		352 972

7. Fullmakter

Departementet delegerer budsjettmessige fullmakter til Digdir for budsjettåret 2025 som omtalt nedanfor.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene Digdir har fått delegert under punkt 3.5 i hovudinstruksen av 8. januar 2025.

7.1 Meirinntektsfullmakt

Fullmakt til å overskride driftsløyving under kap. 1540 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4540, jf. romartalsvedtak II under DFD i Prop. 1 S (2024-2025), jf. Innst. 16 S (2024–2025) vedtatt 17. desember 2024.

overskride bevilgningen under kap. 1540 post 01	mot tilsvarende merinntekter under kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 21	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 22	kap. 4540 post 05
kap. 1540 post 23	kap. 4540 post 03
kap. 1540 post 27	kap. 4540, post 04
kap. 1540 post 29	kap. 4540 post 07

7.2 Tilsegningsfullmakt

Stortinget har samtykka i at departementet i 2025 kan gi tilsegn om tilskot utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 160,6 mill. kroner på kap. 1540, post 25.

Følgande tilsegningsfullmakt delegerast med dette til Digdir:

Kap.	Post	Betegnelse	Samla ramme i kroner
1540	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekter	160 592 000

7.3 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta gis på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.3.

7.4 Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta gis for kap. 1540, post 01, 21, 23 og 27 på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.2.

7.5 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i dei tre følgande budsjettår

Fullmakta gis for overskridinger på kap. 1540, post 01, 21, 23 og 27 til investeringsføremål mot innsparing i løpet av dei tre følgande budsjettår på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.6.

8. Rapportering og resultatoppfølging

Tidspunkta for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2025 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

8.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

I hovudinstruksen pkt. 3.3.5 er det stilt krav til oversending av rapportering gjennom året. Fristar for desse leveransane går fram av vedlegg 1.

I tillegg skal Digdir rapportere på følgande punkter med respektive fristar:

8.1.1 Rapportering – Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt

Digdir skal rapportere om status etter kvart trinn av vurderinga av søknader om medfinansieringsordninga i 2025.

Frist	Rapporteringspunkt
30.04.25	Oversikt over prosjekt som har søkt om løyving og prosjekt som har fått foreløpig tilsegn. For kvart prosjekt skal det spesifiserast: <ul style="list-style-type: none">• Total prosjektkostnad• Søkt løyving frå medfinansieringsordninga• Samfunnsøkonomisk lønsemrd• Nettovirkningar offentleg sektor• Nettovirkningar internt i verksemda
25.08.25	Oversikt over prosjekt som har fått endeleg tilsegn. For kvart prosjekt skal det spesifiserast: <ul style="list-style-type: none">• Total prosjektkostnad• Beløp det er gitt tilsegn om til prosjektet frå Medfinansieringsordninga• Samfunnsøkonomisk lønsemrd (prissette og ikkje prissette effektar)• Periodisert oversikt over nettogevinstar (gevinstar minus kostnader jf. presisering over)<ul style="list-style-type: none">- Internt i verksemda som søker om løyvingar- periodisert oversikt i andre statlege verksemder (konkret for kvar enkelt verksemder der desse skal ha nedtrekk i ramme jf. retningslinjene)- i Kommunesektoren Aksepterte framtidige nedtrekk i ramme, og tidsplan/periodisert oversikt for dette (jf. gevinstrealiseringsplan) per verksemder i eigen og andre verksemder.
01.10.25	Oversikt over prosjekt som er gjennomført, med beskriving av faktiske moglege gevinstuttrekk. Departementet vil ha fagdialog med Digdir om innretninga på denne rapporteringa.

I tillegg til denne rapporteringa over må Digdir være førebudd til å bidra med informasjon til departementet sitt arbeid med dei årlege budsjettprosessane eller andre prosesser eller hendingar der det er behov for informasjon om ordninga.

8.1.2 Rapportering Stimulab

Digdir skal rapportere om status etter kvart trinn av vurderinga av søknader om Stimulab i 2025.

Frist	Rapporteringspunkt
Etter nærmare avtale mellom departementet og Digdir	Oversikt over prosjekt som har søkt om løyvingar. Dette kan gjøres ved å gi en enkel tabellarisk oversikt over sektorar og tema.
20.06.25	Oversikt over prosjekter som har fått tildelt løyvingar. For kvart prosjekt skal det spesifiserast: <ul style="list-style-type: none">• Involverte verksemder/kommunar• Problemstilling• Kort grunngjeving• Sum tildelt• Del eigenfinansiering
20.06.25	Resultater i prosjekter som tidligere har fått støtte, senest to år etter oppstart.

8.1.3 Rapportering hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglende eller låg digital kompetanse

Digdir skal rapportere om status i tildeling av løyvingar i ordninga «Hjelpe- og veiledningstilbod til innbyggere med manglende og lav digital kompetanse».

Frist	Rapporteringspunkt
Etter nærmare avtale mellom departementet og Digdir	Oversikt over: <ul style="list-style-type: none">• Kommunar som har motteke tilskot• Storleiken på tilskotet.• Særleg omtale av kommunar som samarbeider

8.2 Årsrapport og årsrekneskap

Digdir skal sende årsrapporten for 2024 til departementet innan 15. mars 2025, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i hovudinstruksen for direktoratet.

Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing, styringsparameterar og oppdrag omtalte i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2025 og pkt. 4 Andre føresetnader og krav.

Digdir skal sende ein korrekt, dekkande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er send til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig. Årsrapporten bør skilje klart mellom rapportering på Diggirs mål og styringsparameterar og status for digitaliseringa i offentleg sektor.

9. Budsjettmessige føresetnader

Digdir har ansvar for å planlegge verksemda i 2025 slik at dei kan nå måla innanfor løyvingane som blir stilte til disposisjon i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

Digdir kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre føremål enn føresett av Stortinget, jf. løyvingsreglementet § 5. Unntaket er dersom det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 7 i dette brevet.

Digdir har ansvaret for å sette i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga. Departementet føreset at Digdir rapporterer om vesentlege endringar i budsjettføresetnadane med ein gong.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Catharina Nes
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:
Styringskalender for Digdir for 2025

Kopi

Riksrevisjonen
Styringskalender for Digitaliseringsdirektoratet for 2025

Vedlegg 1 – Styringskalender for Digitaliseringsdirektoratet for 2025

Måned	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Rapportering til statsregnskapet. ¹	30.01.2025
Februar	Statusmøte om viktige prioriteringar i 2025 Innspel til RNB 2025 (tentativ)	13.02.2025 21.02.2025
Mars	Årsrapport for 2024 ROS-vurdering	14.03.2025 14.03.2025
April	Leveranse statistikk om arkivering og openheit i statleg forvaltning Første etatsstyringsmøte Medfinansieringsordninga – oversikt over prosjekt som har søkt om midlar og prosjekt som har fått mellombels tilsegn Innspel til Prop. 1 S 2026 Innspel til rammefordeling 2026	04.04.2025 09.04.2025 30.04.2025 30.04.2025 30.04.2025
Juni	Andre etatsstyringsmøte/strategimøte DFD sender utkast til budsjetttekst (tentativt) Stimulab - oversikt over prosjekt som har fått tilsegn. Stimulab - Resultat i prosjekt som tidlegare har fått støtte, seinast to år etter tildeling. Rapport - budsjett- og regnskapsstatus per. 31.5 med prognose ut året	06.06.2025 20.06.2025 20.06.2025 20.06.2025 20.06.2025
Juli	Innspel til digitaliseringsrundskrivet for 2025 Varsel om behov for endringar i 2. halvår, nysaldert budsjett for 2025	01.07.2025 01.07.2025
August	Medfinansieringsordninga – oversikt over prosjekter som har fått endelig tilsegn	25.08.2025
September	Innspel til nysaldert budsjett for 2025 Rapport pr. 31.8 inkl. budsjett- og regnskapsstatus med prognose ut året	19.09.2025 19.09.2025
Oktober	Medfinansieringsordninga – oversikt over prosjekt som er gjennomført Tredje etatsstyringsmøte	01.10.2025 20.10.2025
November	Innspel til nye satsingar og innsparingstiltak 2027 Rapport - budsjett- og regnskapsstatus per. 31.10 med prognose ut året Møte mellom DFD og Digdir om tildelingsbrev for 2026 Innspel til konsekvensjustering (2027) og spesifisering av 01-posten, fordelt på 01-1 og 01-2	03.11.2025 21.11.2025 21.11.2025 28.11.2025

¹ Retningslinjer for årsavslutningen for 2024 mv. er gitt i rundskriv R-08/2024, oversendt ved brev av 28.november 2024.